



Lindås Senterbygg AS
Skuteviksbodene 22
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1040 - 19/10521

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
01.04.2019

Etterlyser status fettutskiljar - GBNR 108/621 Lindås senterbygg (Mama Rosa)

Teknisk drift etterlyser status på installering av fettutskiljar ved gbnr 108/621 – Mama Rosa i Lindås senter. Frist for installering av anlegg vart sett til 16 januar 2017.

I vedtak, datert 12.03.2018, vart det gitt løyve til å kople fettutskiljar NS 6 på kommunalt avløpsnett. Da siste frist for installering av anlegg vart sett til 16 januar 2017 skal anlegg ha vore installert omgåande. Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke ferdigmelding for anlegg. Vi kan heller ikkje sjå at det er sendt inn årsrapport for anlegg. I årsrapport skal abonnent på avløpsstenester dokumentere at anlegg er tømt, loggført og stettar krav til utslepp iht gitte løyve.

Som abonnent på kommunal avløpssteneste har Lindås Senterbygg AS ansvar for at leigetakar har nødvendig reinseanlegg slik at uønskede væsker/stoffer, som til dømes fett, ikkje vert ført ut med avløpsvatn via vasker, sluk eller toalett (jf. Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp – Administrative bestemmelser punkt 3.12.1). Ettersyn, tømning og vedlikehald av private anlegg skal utførast iht gjeldande forskrifter, utslippløyve og øvrige vilkår som er satt (jf. Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, forureiningsforskrifta kap 15 A og forskrift for fettutskiljar Lindås kommune). Ved brot på sanitærreglementet og tilhøyrande regelverk, kan kommunen ilegge abonnenten eit tilleggsgebyr på ordinære avløpsgebyr (jf. punkt 9.2 forskrift for fettutskiljar Lindås kommune og punkt 10.3 forskrif for vass- og kloakkgebyr for Lindås kommune). Tilleggsgebyr vert rekna for kvart påbyrja kvartal.

Vi gjer merksam på at fett som vert ført ut på avløpsnett kan medføre tilbakeslag av kloakk/fett i bygg. Kommunen har ingen ansvar for slike hendingar. Eigar av bygg må sjølv sørge for og ta kostnaden med utbetring av skader som skyldes slike hendingar.

Vi ber om tilbakemelding på status for fettutskiljar innan måndag 08.04.19.

Med helsing



Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lindås Senterbygg AS

Skuteviksbodene 5035
22

BERGEN